



## Notat

Dato: 13.11.2018  
Arkivsak: 2018/16518-1  
Saksbehandlar: linfar

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tidstjuvar i skulen - oppfølging

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkestinget 12.12.2017:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei sak der det skal nedsettast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vere breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket. Dei siste åra har det vore eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruke mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i mindre grad kjem elevane til gode.»

I PS 33/2018 13.03.18 kom fylkesrådmannen tilbake med ei sak til Utval for opplæring og helse, der utvalet vedtok følgjande:

1. «Fylkesrådmannen ber fylkesdirektør opplæring setje ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå arbeidstakarorganisasjonane, ein skuleleiar, ein lærar og to representantar frå opplæringsavdelinga.
2. Utval for opplæring og helse oppnemner Torgeir Toppe (A) og Ragnhild Fagerbakke (H) til arbeidsgruppa.»

Fylkesrådmannen føreslår at det i tillegg til representasjonen som går fram av vedtaket, vert opna opp for at det skal vere to representantar for skuleleiinga i arbeidsgruppa. Arbeidet i gruppa vil starte opp i januar 2019. Gruppa er samansett av følgjande medlemmer:

1. Sissel Øverdal, regionleiar og leiar for arbeidsgruppa
2. Torgeir Toppe (A)
3. Ragnhild Fagerbakke (H)
4. .... (arbeidstakarrepresentant)
5. .... (arbeidstakarrepresentant)
6. Oddvar Skråmestø (skuleleiarrepresentant)
7. Anita Jensen Ystebø (skuleleiarrepresentant)
8. Astrid Hjellbakk (opplæringsavdelinga)

Det er forståing i skulesektoren for at ein treng ulike typar rapportering og dokumentasjon, men utfordringa er det totale omfanget av ulike krav. Omgrepet «tidstjuvar» viser ofte til aktivitetar i ei verksemd som krev unødig tid og vert oppfatta som lite føremålstenleg for å sikre kvalitet og resultat i kjerneverksemda. Årsaker til tidstjuvar kan finnast i forhold som ei verksemd kan gjere noko med internt, eller kan vere resultat av forhold som verksemda ikkje har kontroll med, som til dømes lov, regelverk og rapporteringskrav frå andre myndigheiter.

Arbeidsgruppa har stor fridom til å definere og avgrense tema innanfor dei rammene som er gitt i sak PS 33/2018. Det kan dreie seg om interne eller eksterne faktorar i HFK som gruppa meiner kan definerast som tidtjuvar og som dei meiner er til vesentleg hinder for effektiv gjennomføring av skulen sitt kjerneoppdrag. Arbeidet skal ta utgangspunkt i funn og tilrådingar frå rapporten *Rapporterings- og dokumentasjonskrav i skulesektoren (Ideas2Evidence Rapport 12:14)*

Arbeidsgruppa skal i tillegg vurdere om det er behov for nye kartleggingar, og eventuelt kome med framlegg til eksterne kompetansmiljø som kan bidra i eit slikt arbeid. Nye kartleggingar bør byggje vidare på funn frå rapporten frå 2014. Fylkesrådmannen ber arbeidsgruppa kome med ei løypemelding til Utval for opplæring og helse innan juni 2019.